OSLO, 1. oktober 2026

HØYRINGSSVAR – INNSPILL TIL KULTURARENASTRATEGI

Unge Kunstneres Samfund takker for invitasjonen til å komme med innspill til regjeringens kulturarenastrategi!

UKS bifell at kunst- og kulturlivet i heile landet søkes satset på og anarkjenner at ein nasjonal strategi for kulturarenaer er del av eit slikt arbeid. Vi meinar at det må rettast merksemd mot produksjonsdelen og kunstnarane som lager kunsten, for at strategien ikkje skal bli innhola.

Vi deler regjeringens mål som beskrive i Kunstnarkår, om at kunst og kultur skal være reelt tilgjengelig for alle, og at heile folkesetnaden skal ha tilgang til kunstneryrket. Det å oppleve kunst direkte eller formidlet av profesjonelle kunstnere og kunstinstitusjoner gir ein særeigen inngang til kreativ utvikling, skapende arbeid og felles kultur gjennom eit ope og tilgjengelig kunst- og kulturliv. Då er det avgjerande at det finnes en robust og velfungerende kulturell infrastruktur rundt omkring i Norge, i tillegg til høgprofesjonelle tyngdepunkter i dei større byane. Til dette trengs mengdetrening i utstillingsvirksomhet og produksjonslokaler.

Difor er UKS er spesielt interesserte i å peike arbeidet med kulturarenastrategien i retningen av kunstnernes behov for produksjonslokaler, lavterskel visningsrom, tilgjengeligheten og steder tilpasset variasjonen i kunstuttrykk.

Kommuner og fylker kan lære å vere ei 'best practice' motvekt når det gjelder langsiktigheit, i kontrast til private aktører. UKS understreker at «arenaene» må ses som ein del av ein større infrastruktur som er naudsynt å ha på plass for at kunst skal finnes i heile landet og må ta inn over seg eksistensen av digitale rom.

I det følgende deler vi erfaringer om barrierer, nasjonale overordnede tilnærminger og konkrete eksempler fra samarbeid med stat og kommune. Og kommer med en anbefalingsliste og en advarsel.

DEI USYNLEGE DELANE AV KUNSTPRODUKSJON

Tilgjengeligheit må gjelde både fysisk, økonomisk og hvilke leieperioder som rammer inn bruken av stedet. Nyleg har vi delteke med Oslo Open om Atelierer for alle (FAFO rapport, 2025).

UKS har sammen med organisasjoner som Billedkunstnerne i Oslo, Billedhoggerne og Norske Kunsthåndverkere, bistått Oslo Kommunes arealsikringsavdeling med innspill om kva som utgjer arealer til eigna atelierer for biletekunstnarar.

Atelieret er diverst og spesialisert og husar i dei aller fleste tilfella veldig spennande prosessar å sjå og ta del i.

Eit atelier er eit produksjonslokale der kunstnarar lagar og utviklar verka sine, men det har også funksjonar som møterom, dokumentasjon av verk, testing av nye materialer, med meir. Det må ha ein viss storleik og med overflater som tåler bruk. I atelieret finst dagslys, vatn, toalett. Det finst heilt greie atelierer, gode atelierer og beint fram knallbra atelierer. Noken har industriheiser, søppelkontainer og treverkstad. Eit atelier kan gjerne ha kjøkken, lager som ikkje går ut over fellesrom eller arbeidsarealer og nokon har dusj og garderobe. Eit atelier har reine og skitne soner. Nokon kunstnarar vil arbeide med klissete, av og til giftige materialer og trenger då arbeidsrom med ordentlig avtrekk, andre kunstnarar lagar ting som under produksjonen lagar finkorna støv eller metallspon, i andre atelier igjen skal kunstnarane øve inn rørsler til eit mocap studio opptak og beveger seg berrføtt over eit gulv. Noko atelier må kunne vere tilrettelagt for omforming av materiale under høge temperaturer med nøyaktig kontroll på okysgeninnslepp, for ein kunstnar som køyrer rundt på fire hjul. Andre treng støvfrie rom for teknisk utstyr, og støydempa redigerings og opptaks lokaler. Atelieret er diverst og spesialisert og husar i dei aller fleste tilfella veldig spennande prosessar å sjå og ta del i.

BARRIERER

I vår erfaring er spesielt tilkomst, nettverk og formue barrierer for å etablere seg i produksjonslokaler som kunstner.

Sidan 70-tallet har det blitt påvist at billedkunstnerane (visuell kunst) har den lavaste inntekta av alle kunstnergrupper, no sist i Kunstnarkår (Meld 22, 2023-2024), likevel fortsetter nedbyggingen av den infrastrukturen som er naud-

synt for at vi får eit mangfaldig kunstfelt som kan hevde seg også på ein internasjonal arena.

Overordna er det mykje godvilje i kommuner og fylker, men UKS erfarer at mangelen av bindande avtalar gjer visuell kunst og kultur til ein stad det er mulig å kutte. Samtale med feltet bør dyrkes.

Er ein så heldig å ha funne eit eigna lokale, er ofte leigekontraktene for korte.

Støtteordningar som momskompensasjon blir holdt utenfor rekkevidda til ikkje-kommersielle visningsrom. Hvis formål er å gå i null og halde fram med å skape, vise, formidle kunst, ikkje å gå med overskudd for overskuddets skuld.

Usynlige muligheiter. UKS erfarer at lokaler blir ståande ute av sirkulasjon, ofte fordi det er manglande motivasjon hjå eigersida til å leige ut. Kommuner og fylker og byar må halde oversikter over ledige lokaler, både eigne og private.

KUNNSKAP

Det fins anslag til ei overordna tenking om kunst og kultur i Norge. Men den kunne spisses gjennom bevisstgjerande arealsbruksoversikter, som viser produksjonslokaler, fellesverksteder, visningsrom og atelierer for visuell kunst, inkludert fotografi og kunsthandtverk, på fylkes og kommuneplan.

Sjølv stadane – kommunen, fylket — trenger å pleie kontakt med det lokale feltet for å skjønne kva behova er. I utgangspunktet kan krava i Kulturlova betre dette, men ein treng også motivasjon til å ta i bruk tomme bygg som ikkje berre gjentek tropen om gentrifiseringsverknaden av kunstnarar som ein verdiaukande mekanisme. Kunst er den felles skatten til samfunna våre.

Nokon gongar er tiltak for å ta i bruk mulige rom godt håndtert sentralt, med eit desentralisert nedslag. Eit døme er den UKS-initierte arrangørstøtteordningen (tidligere kalt støtte til kunstnerdrevne visningssteder). Dette tiltaket har hatt ein enorm verknad. Den har muliggjort at unge kunstnere og kuratorer over heile landet har kunnet initiere visningsprosjekter uavhengig av kor dei bor. For at et slikt tiltak skulle kunne igangsettes – over hele landet – var det helt avgjørende at Kulturrådet jobbet utifra ein posisjon med et nasjonalt heilskapsblikk. For å vedlikehalde og gjøre det mulig med nye initiativer inn i ordningen, bør fokuset på små kunstnerstyrte visningsrom aukes og ordningen styrkes. Det sagt treng ein også den lokale innsikta om kva som skal til for å gjere stadar levande og korleis dette kan inngå i den kulturelle infrastrukturen som også styrker motstandskrafter i by og land.

Dette kan gjerne inkludere eksisterende kunstsentre, atelierfellesskaper og fellesverksteder, men bør legge til rette for nye skudd av yngre kunstnarar og tilflyttere.

Igjen:
Forutsigbarhet, langsiktighet
Produksjonslokaler, fellesverksteder, visningsrom og atelierer
Oversikter over og impulser til å bruke tomme bygg

UKS TILRÅR AT FØLGENDE TILTAK INNGÅR I STRATEGIEN:

- Vi meiner at de bør våge å tenke utanfor tredjeveg-boksen når det gjelder finansiering. Det må ligge til grunn at mykje kultur ikkje er underhaldning og eit visningsrom er meir bibliotek, enn underhaldningspark

- Tydeliggjer forventningene til kommunenes oppfølging av Kulturloven § 4, slik at heile den kunstneriske infrastrukturen inngår i kommunenes kartlegging og planlegging. Produksjon av kunst er nødvendig for at folk kan ta del av og oppleve kunst. Derfor trengs lokaler til fellesverksteder, visningsrom og atelier

- Vi ber om at det etableres normer for dekningsgrad / ein nasjonal standard for kulturtetthet som inkluderer tettheten til produksjonslokaler og visningslokaler for kunst. Det må skilles mellom amatørvirksomhet, bygdehus og rom for profesjonelle som kan virke inspirerende og motiverende på yngre i hele landet

- Merverdikompensasjon for ikkje-kommersielle visningsrom

> *Norge har ein lang tradisjon for både visningsrom drive av kunstnerorganisasjonane, kunstenter og av kunstlag (kunstforeninger). Mange av disse er ikkje-kommersielle gallerier og dei gjer ein stor innsats for almenheita. Vi meiner det store antallet frivillige/ufrivillige arbeidestimer som går inn å drive disse stadane, bør telle for å få momskompensasjon. Her meiner vi hinderet er at aktiviteten, ikkje-kommersiell kunst, høyrer heime under aktiviteter som ikkje er fortenestebaserte, samtidig er dei ein naudsynt del av samfunnet, ein samfunnsteneste, og belastninga på drift bør lettes gjennom å gi merverdikompensasjon for ikkjekommersielle visningsrom.*

- Den største verdien kommunale atelierer kan bidra med, foruten subsidiert leie, er langsiktige kontrakter og forutsigbarhet i tilbudet. Det er ikkje eit mål at alle kunstnere skal leie av kommunen/fylket, men dei kommunale tilbuda må fungere som eit anker i ein leiemarknad prega av usikkerhet, kortsiktighet og tildels useriøse utleiere

- Økning i driftstilskudd til eksisterende visningsrom vil ha regionale effekter, samt krav om rimelig betaling av kunstnere som stiller ut må stilles sammen med øremerkede penger til dette formålet

- Arenaer finnes også i digitale rom. UKS tilrår en medviten haldning til at digitale rom brukes til å «høste» / «stjele» åndsverk. Og anbefaler at en kulturarenastrategi tar innover seg disse stedene og samarbeider med organiserte kunstnere som i nettverket KIKI, for å finne måter å regulere disse bedre på. Vi ville ikkje latt nokon gå inn i eit museum, ta ting ned fra veggen og stikke

- UKS har foreslått en ordning for små og mellomstore visningsrom som ser spesielt til navigeringen av og omgangen med klima og bærekraft i visningsrom. Den gjelder både bruk, ombruk og vektlegger tid til bærekraftig praksis og etablering av beste standarder gjennom nettverk, for små organisasjoner som mangler drift og årsverkskapasitet til å arbeide med klima og bærekraft selv. I en kulturarenastrategi vil en slik ordning støtte et grønt skifte. UKS tilrår at en pilot av denne ordningen settes igang. Vi bistår gjerne i møter og med ytterligere informasjon og kompetanse

Til slutt vil vi advare mot den dempende konsekvensen for frie ytringer av å leie fra private. Rundt omkring i norske bygder og tettsteder er det ikkje sjelden at enkeltfamilier sitter på store eiendomsporteføljer og preger heile det lokale kulturlivet utifra eigne innfall. Om kunst og kultur skal vere en arena for fri meningsbrytning, må vilkårene den arbeider og virker under ses i sammenheng. Det er anslag til dette i Stortingsmeldingen Kunstnarkår, og vi minner om at billedkunstnerene (visuell kunst), ennå har den begredelige førsteplassen i å ha den laveste årsinntektene mellom kunstnergruppene og dermed blir spesielt sårbare for lokal velvilje. UKS meinar generelt at staten, som nasjonens høyeste forvaltningsnivå, har eit særskilt ansvar for kunstpolitikken. Staten må sikre kunstnerisk ytringsfrihet, samt innbyggernes mulighet til å erfare et mangfold av samtidig, historisk og fremtidig kunst.

Unge Kunstneres Samfund bifaller at regjeringa tar tak i kulturarenaer: uten plass å vere er det lite som skapes og lite som skjer om ein ikkje har tid til å bruke produksjonslokala. Slik sett er ein kulturarena strategi ei god tilnærming, fordi den ser til meir enn berre eit prestigebygg, den ser til eksisterande bygg, til strukturar som kulturen og dei som sit på bygg og penger må navigere.

UKS tilrår at de våger å vere visjonære i omgangen med denne strategien: Forestill dere nasjonale retningslinjer for tettheita til produksjons og visningslokaler for kunst. Fordi å skape kunst er like menneskleg som å løpe en tur, spille ball eller ro, og trenger like varierte og spesialiserte omgivelser som det.

Beste helsing,

Ragnhild Aamås,

styreleder,

Unge Kunstneres Samfund

Unge Kunstneres Samfund (UKS) blei stifta av kunstnere for kunstnere i 1921, og er ein pådrivar for å bedre kunstnernes faglige, sosiale, økonomiske og ideelle interesser. Dette gjer vi med to horn: vi er ein landsdekkande fagorganisasjon for profesjonelle kunstnarar og ein visningsstad for samtidskunst i Oslo. UKS har rundt 600 medlemmer og er ein av dei største fagorganisasjonene tilknytta Norske Billedkunstnere (NBK). Prinsippet som ligger til grunn for UKS' fagpolitiske arbeid er at kunst og kunstnerisk ytringsfrihet er ei grunnsøyle i eit demokratisk samfunn og kunst er ein grunnleggande menneskeleg aktivitet.